

## **Tabell B-fk**

### **Overgangsordninga**

Overgangsordninga sikrar at fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet i 2020 blir fasa gradvis inn over ein periode på fire år. Overgangsordninga tek utgangspunkt i dei samla fordelingsverknadene av det nye inntektssystemet, inkludert den nye fordelinga av kompensasjonen for endringar i inntektssystemet.

Ordninga er innretta slik at fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet, får att 2/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2021. Ordninga blir finansiert gjennom eit tilsvarende trekk for fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av det nye systemet.

Sjå Grønt hefte 2020 for nærmere omtale av overgangsordninga.

### **Kolonne 1 – Fordelingsverknader av nytt inntektssystem (1000 kr)**

Kolonne 1 viser fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet som tredde i kraft i 2020, i 2020-kroner. Fordelingsverknaden er berekna ved først å rekne ut rammetilskotet med det førre inntektssystemet på fylkesinndelinga i 2019 (inkludert grensejusteringar som tredde i kraft 1.1.2020). Rammetilskotet etter det førre systemet er så summert opp til den nye fylkesinndelinga og samanlikna med tilskotet berekna etter det nye systemet for dei nye fylkeskommunane. Sjå Grønt hefte 2020 for ei nærmere forklaring.

### **Kolonne 2 – Fordelingsverknader av nytt inntektssystem (kr per innbyggjar)**

Kolonne 2 viser fordelingsverknadene frå kolonne 1 i kroner per innbyggjar, i 2020-kroner.

### **Kolonne 3 – Samla fordelingsverknader inkl. kompensasjon (1000 kr)**

Kolonne 3 viser dei samla fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet, inkludert ny fordeling av kompensasjon for endringar i inntektssystemet, i 2020-kroner.

### **Kolonne 4 – Samla fordelingsverknader inkl. kompensasjon (kr per innbyggjar)**

Kolonne 4 viser dei samla fordelingsverknadene frå kolonne 3 i kroner per innbyggjar, i 2020-kroner.

### **Kolonne 5 – Overgangsordning i 2021 (1000 kr)**

Kolonne 5 viser overgangsordninga for 2021. Beløpet er 2/4 av dei samla fordelingsverknadene i kol. 3, med motsett forteikn, prisjustert til 2021-kroner. Beløpet blir også brukt i tabell 2-flk.